



## Elstad 65/1

Vekkom, 2630 Ringebu. Tlf 61 28 00 71.

Jord 360 da, beite 70 da, skog 4250 da. Kornproduksjon. Kyr til 1978. – Fyrste traktor 1948, treskar. – Våningshus bygt 1904 rest. 1968, sveiserbustad 1968, våningshus på campingplassen 1967 utbetra 1992, 3 gml stabbur, driftsbygning 1958, drengestugu. 15 hus. Campingplass med 13 hytter og plass til ca. 100 campingvogner. Brt. 7,7 mill. – Det var lenge skysstasjon på garden, men den vart flytt til Skjeggestad omkr. 1862.

Eigar: Ole Jørgen Elstad 1944 – son til Hans Forbrigd, N. Fron 1904-75 og Kari Syverine Gunstad 1914-75 – g 1977 m Eva Maria Middel, Elleringhausen i Tyskland 1954 – dotter til Albert Middel 1919 og Hilde Stratmann 1921. Barn: Hans Christian 1978, Katrin 1981. – Eva er fysioterapeut på deltid.

Eigaren tok over i 1973 etter faren.

Sysken til eigaren: 1) Nils Forbrigd 1946 gm Marit Almås: Barbro 75, Kari 78, Ole 81. 2) Iver 1947-51. 3) Per Arne 1949-68. 4) Karen Randi 1952 g1m Stein Hjellseth: Karsten 78. Karen g2m Jan Flod. 5) Tore 1959 gm Ingrid Kullerud.